



SAKSHANDSAMAR  
Erik Småland

VÅR REF.  
13/00095-132

ARK. Forvaltningsarkivet  
822.1

DYKKAR REF.  
2017/14816-5

INNVALSTELEFON

+47 98202739

DYKKAR DATO

VÅR DATO  
01.02.2018

TELEFAKS  
+47 22 94 04 04  
postmottak@ra.no  
www.riksantikvaren.no

Hordaland fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 Bergen

Att: Stein Ottosen

## SAVOS-ordninga - Hordaland fylkeskommune - tilskot frå statsbudsjettet 2018 kapittel 1429 post 74

Riksantikvaren syner til søknad datert 26.10.2017 om tilskot til Hordaland fylkeskommune under SAVOS-ordninga. Vi har gått gjennom søknaden og finn at den oppfyller gjeldande vilkår.

**All tekst i dette brevet og i vedlegga må lesast. Tilskotet kan berre utbetalast dersom dei gjevne vilkåra og fristane vert haldne**

### VEDTAK:

Riksantikvaren gjev med dette eit tilskot frå statsbudsjettet 2018 kap. 1429 post 74 på inntil

**kr. 840 000,- til sikring og istandsetjing av verna farty**

og

**kr. 500 000,- til forvaltning og drift av verna farty**

Tilskotet er eit bidrag til fylkeskommunale tilskot over SAVOS-ordninga til farty som er freda eller har status som verna skip. Tilskotet skal fordelast etter fylkeskommunen si prioritering av innkomne søknader.

Fylkeskommunen si handtering av tilskotsmidlane skal følgje «Reglement for økonomistyring i staten» og vilkåra som er nærare omtalt i vedlegget «Retningsliner og vilkår for tilskot frå statsbudsjettet kap. 1429 post 71 - 79». Vi ber om at fylkeskommunen nyttar vedlegget «Akseptskjema for tilskotsmottakar 2018» ovanfor eigar ved tildeling av tilskot Saman med skjemaet skal eigar også få kopi av vedlegget «Retningsliner og vilkår for tilskot frå statsbudsjettet kap.1429 post 71 - 79».

### Grunngjeving

Gjennom SAVOS-ordninga gjev Riksantikvaren tilskot til fylke med eigne tilskotsordningar for farty som er omfatta av Riksantikvaren sitt bevaringsprogram for fartøy. Tilskotet er i storleik det same som fylkeskommunen sjølv har sett av til ordninga.

### **Tilskot frå post 74**

Tilskot frå statsbudsjettet kapittel 1429 post 74 er knytt til bevaringsprogrammet for farty. Tilskotsordninga er avgrensa til sikring og istandsetjing av freda verna farty. Fylkeskommunen kan difor ikkje gje tilskot til fartøy som ikkje er freda eller som ikkje har status som verna skip.

### **Krav til gjennomføring av tiltak**

Arbeida skal utførast i samsvar med fartyet si historie. Vedlikehald og istandsetting skal skje så skånsamt som råd og etter antikvariske prinsipp, dvs.:

- Det skal skiftast ut minst mogleg av originale element og material.
- Ved reparasjon og eventuell utskifting av delar skal dei antikvariske retningslinene leggjast til grunn for val av material, utføring og teknikkar.
- Det skal stillast krav til utførande handverkar/verksemd sin antikvariske kompetanse, samt tekniske og faglege kvalitet.
- Alle utskiftingar og endringar skal dokumenterast både skriftleg og med foto.
- Vedlikehald og istandsetjing skal gjerast så skånsamt som råd.
- Alle utskiftingar og endringar skal dokumenterast.

Dersom føresetnadene for prosjektet endrar seg skal fartyeigar kontakte fylkeskommunen skriftleg og snarast råd.

Oppstår tvil om planlagde tiltak eller utføringar er i tråd med antikvariske retningsliner skal Riksantikvaren kontaktast. Dersom retningslinjene ikkje vert følgde kan dette medføre at tilskotet ikkje blir utbetalt.

### **Dette må gjerast for å få tilskotet utbetalt**

Utbetaling tilskot kan skje når fylkeskommunen har fatta vedtak om tildeling og sendt oppmoding om utbetaling til Riksantikvaren.

Oppmodinga skal innehalde eit kort oversyn over fylkeskommunen sine tildelingar. Riksantikvaren aksepterer at 10 % av dei tildelte midlane ikkje er disponerte på dette tidspunktet. Brev med utbetaling vil innehalde ei godkjenning av fylkeskommunen sine tildelingar, samt eventuelle merknader til desse.

### **Momskompensasjon**

Dersom farty får momskompensasjon på tiltak som det er gjeve tilskot til, skal eigar skriftleg og på førehand avtale bruken av refunderte midlar med fylkeskommunen.

### **Krav til rapportering**

Fartyeigar sin rapport til fylkeskommunen skal følgje Riksantikvaren sine krav til rapportering på tilskot frå post 74. Etter at prosjektet er avslutta skal det sendast rekneskap og sluttrapport til fylkeskommunen med kopi til Riksantikvaren.

- **Frist for sluttrapport er innan utgangen av 15. januar 2019.**

Sluttrapporten skal innehalde:

- Skildring av gjennomførte tiltak
- foto teke før, under og etter dei utførte tiltaka
- fakturaliste
- revisorattestert prosjektrekneskap (særskild attestasjon på tildelte midlar)
- opplysningar om samla finansiering spesifisert på:
  - o Riksantikvaren (kapittel 1429 post 74).
  - o andre departement eller direktorat.
  - o tilskot frå kommune eller fylkeskommune (i tillegg til SAVOS-midlane).
  - o annan finansiering (spesifisert).
  - o eigeninnsats/eiga finansiering.

Riksantikvaren vil ikkje handsame en ny søknad frå fylkeskommunen før vi har motteke rapport frå bruken av tilskotet for dette året.

### **Retningslinjer og vilkår**

Vedlagt følgjer *Retningslinjer og vilkår for tilskot frå statsbudsjettet*. Denne gjev meir utfyllande informasjon om rapportering og revisorattestasjon. Tilskotssmottakar må setje deg godt inn i retningslinjene og vilkåra for tilskot. Det er ein føresetnad for utbetaling av tilskot at vilkåra i dette brevet og i vedlegget er følgde.

### **Det kan klagast på vedtaket**

Vedtaket kan klages inn til Klima - og miljødepartementet, jf. forvaltningslova § 28. Ein eventuell klage skal stilast til klageinstansen, men sendast til Riksantikvaren innan tre – 3 veker etter at dette brevet er motteke, jf. forvaltningslova § 29.

Beste helsing

Mari Søbstad Amundsen (e.f.)  
seksjonssjef

Erik Småland  
seniorrådgjevar

**Brevet er elektronisk godkjend**

Vedlegg: 3

Kontering ved tilskot og tilsegn (for intern bruk hjå Riksantikvaren)				
Konto: 8719	Koststad: 42	Innsatsnummer: SAVOS	Tilskotsnummer: 180738	Bankkontonummer: 5201 06 74239
Beløp: 1 340 000,-		Merknad: Tilskot - SAVOS - Hordaland fylkeskommune		